

## Planlegg de bryllaup?

**Før de giftar dykk, lyt Skatteetaten sjekke om de oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap, såkalla prøving av ekteskapsvilkår. Frå juni 2018 kan du søke om prøving av ekteskap digitalt.**

Det betyr at de loggar dykk inn på skatteetaten.no, og gjer ein del opplysningar. Sakshandsamingstida kan vera inntil tre veker dersom det er trøng for manuell oppfølging, så ver ute i god tid, men ikkje meir enn fire månadar før bryllaupet skal stå. ein prøvingsattest er kun gyldig i fire månadar, fordi opplysningane de gjer lyt vera ferske.

Begge komande ektefeller lyt fylle ut kvar si erklæring, og forlovarane skal fylle ut forlovererklæring. Nokon lyt fylle ut litt meir: har du til dømes vore gift før, vil det i nokre tilfelle vera trøng for å legge ved ei erklæring om skifte. Ynskjer du å endre navn, lyt du fylle ut ei melding om endring av navn. Alt kan fyllast ut digitalt via skatteetatens nettsider.

Når saka er ferdig handsama, får de melding om å logge dykk inn i Altinn for å laste ned prøvingsattesten som stadfestar at de kan gifte dykk. Brurepara vel deretter sjølv kva kommunikasjonskanal de nyttar for å formidle attesten til vigslar. Informasjonstryggleiken til personopplysningane i attesten kan vernast gjennom formilding via kryptert e-post, eller sending i lukka konvolutt.

Gratulerer! No er de klare for å inngå ekteskap!

### Vil du gifte deg i utlandet?

I den første versjonen av løysinga, handterer me kun prøving av ekteskap etter norsk rett. Dette betyr følgjande for dei av dykk som planlegg bryllaup i utlandet:

- 1. Ynskjer de å gifte dykk på norsk ambassade eller sjømannskyrkje i utlandet?**  
Då giftar de dykk framleis etter norsk rett, og kan nytte vår digitale løysing for prøving av ekteskap. De går fram på same måte som når de giftar dykk i Noreg. Oppfyller de krava for å inngå ekteskap, mottek de og her ein prøvingsattest digitalt. Denne lyt de sende vidare, eller skrive ut og ta med dykk, sammen med passet, til ambassaden eller sjømannskyrkja de skal gifte dykk i .
- 2. Ynskjer de å gifte dykk etter utanlandsk rett?**  
Dersom de planlegg å gifte dykk etter utanlandsk rett i 2018, og ynskjer å prøve ekteskapsvilkåra dykker i sommar, så kan de dessverre ikkje nytte vår nye innlogga teneste, de lyt søke på ordninær måte på papir. Me vonar at og denne tenesta vert tilgjengeleg digitalt i løpet av hausten 2018.

Ynskjer de meir informasjon om kva som vert kravd for å gifte seg, sjå Skatteetatens nettsider.